



Kvalitetsplan for SFO



KLEPP KOMMUNE



Innleiing

I 2013 blei det laga ei «SFO handbok». Handboka er ein reiskap for SFO-leiarane, der ein skal kunne finna det meste av informasjon som det gjeld skulefritidsordningane i Klepp. I samband med utarbeiding av handboka blei det retta eit større fokus på innhald og kvalitet i SFO og ein blei einige om fire fokusområde som skulle prega innhaldet. Desse områda var: 1. Leik, 2. Omsorg og sosial trening, 3. Kunst og kultur og 4. Fysisk aktivitet. I samband med lesesatsinga i kommunen kom også lesing seinare inn som fokusområde.

No var tida inne for ein revisjon og i januar 2017 starta arbeidet opp. Ei arbeidsgruppe fekk i oppdrag å utarbeida forslag til ny kvalitetsplan. Utdanningsdirektoratet har laga ei rettleiing for utarbeiding av kommunale planar for kvalitetsutvikling i SFO og forslag til kva element som bør bli omtala. Desse er:

- Føremål med planen
- Overordna mål og verdigrunnlag
- Strukturelle forhold
- Samarbeid og samhandling mellom SFO og skule
- Samarbeid mellom SFO og heim
- Innhald i SFO
- Vurdering av måloppnåing

Bortsett frå strukturelle forhold, inneheld den nye kvalitetsplanen alle desse elementa.

Den nye kvalitetsplanen er ambisiøs. Dette er gjort med hensikt for å synleggjera at SFO ikkje er ein oppbevaringsplass for ungane, men skal tilføra noko til barna si utvikling og meistring. Det er også ein informasjon til foreldra om kva dei kan forventa av SFO-tilbodet i kommunen.

Planen er gjeldande frå 01.08.2017

Trond Roy Pedersen
Kommunalsjef



LOVGRUNNLAG

I Opplæringslova er det få krav til innhald og kvalitet i SFO. Kommunen formar tilbodet ut frå kravet om at kommunen skal gi eit tilbod før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Hovudmålet for SFO står i Opplæringslova §13-7. Der står det blant anna: «Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.»

Opplæringslova §9a-8 understreker at krava til skulemiljøet også skal gjelde for SFO. Dette gjeld også for aktivitetar utanfor skulen sitt område.

FØREMÅL MED PLANEN

Føremål med kvalitetsplanen, er å ha ein felles overordna plan for SFO-tilbodet i Klepp kommune. Målet er å vidareutvikla kompetansen og stadig jobbe for å betre kvaliteten på tilbodet.

Kvalitetsplanen gir føringar for den enkelte SFO sine mål, innhald og oppgåver. På bakgrunn av den kommunale planen blir det utarbeida eigne planar på kvar skole, der den enkelte SFO definerer kva mål og tiltak dei vil iverksette innan dei ulike områda. Desse områda skal evaluerast årleg.

Klepp kommune har hatt felles fokusområder sidan 2013. Dette er ein revisjon av gjeldande plan.



Visjon, mål og verdigrunnlag

VISJON OG FORANKRING

Visjonen til Klepp kommune ligg til grunn for arbeidet: «Barna vår framtid»

HOVUDMÅL

«Der barn opplever å bli sett, høyrte og er ein aktiv del av eit inkluderande miljø»

VERDIGRUNNLAGET

Solidaritet – Mangfald – Ansvar – Raushet – Tryggleik. - «SMART SFO»

Solidaritet: Ditt barn skal få vere ein del av fellesskapet. Det skal lære å forstå og respektera andre, andre sine meiningar og medverke til eit godt fellesskap. Barn lærer mykje av kvarandre, barn lærer mykje av trygge vaksne og vaksne lærer mykje av barn.

Mangfald(læring) og meistring: Ditt barn har med seg sine talentar og sine utfordringar. Læring skal fortrinnsvis skje gjennom leik. Vi lærer at det er plass til alle og at alle har med seg sin «glupskap» (mange intelligensar). Innanfor desse rammene vil ditt barn få oppleve meistring og bygge vidare på sitt sjølvbilde.

Ansvar: Ditt barn skal få vidareutvikla sin sjølvkjensle, det å stå til ansvar både i medgang og motgang hjelper oss å bli gode medborgarar. Ditt barn skal få oppleve stoltheit og tryggleik til å meistre og feile.

Raushet: Ditt barn skal få bli kjent med mange andre barn. Skal få lære å sjå styrkar og likskap i andre, heller enn forskjellar. Barnet skal få oppleve kulturar og mangfald på ein måte der alle er verdsatt. Det er rom for å feila, det er rom for å meistra, det er rom for å vera!

Tryggleik: Ditt barn skal få rammene som skal til for å nå sine mål, for å oppleva meistring og å tørre å strekka seg litt lenger.



Samarbeid og samhandling skole og SFO

SFO er administrativt knytta til kvar skule. Rektor har det overordna pedagogiske, økonomiske og administrative ansvaret. Rektor kan delegera ansvarsområde til SFO-leiar. Samarbeidsutvalet/driftsstyret ved skulen er skulefritidsordninga sitt styringsorgan.

Erfaring viser at SFO-tilbod som skårer høgt på det å vere ein god SFO, er integrert i skulen si heilhetstenking og planlegging.

Teikn på god praksis:

- SFO skal vera ein integrert del av skulen si samla verksemd, der SFO er ei naturleg forlenging av skuledagen.
- Det skal vera faste møte mellom SFO-leiar og rektor. Rektor har det overordna ansvaret for å leggja til rette for samarbeidet.
- Samarbeid med lærarane på 1.- 4. trinn er nødvendig for å gje ein heilskap i det som skjer.



Samarbeid og samhandling mellom SFO og heim

Eit godt samarbeid mellom føresette og personalet er avgjerande for at barna skal trivast. De som føresette skal kunne ha klare å tydelege forventningar til oss. Vi har også forventningar til dykk som føresette.

FORVENTINGAR TIL TILSETTE PÅ SFO

Teikn på god praksis:

- Tilsette tar barna på alvor – viser interesse, forståing og omsorg
- Tilsette har fokus på at alle barn skal oppleve meistring
- Tilsette gir det enkelte barn konstruktive tilbakemeldingar.
- Tilsette legg til rette for leik som inkluderer alle.
- Tilsette legg til rette for eit variert aktivitetstilbod
- Tilsette snakkar og samhandlar med barna på ein positiv måte
- Tilsette legg til rette for medbestemming, slik at barna opplever å bli høyrte og at deira meining blir tillagt betydning.
- Tilsette er poitive til innspel og tilbakemeldingar frå føresette
- Tilsette gir informasjon og tilbakemelding om forhold som gjeld det enkelte barn.
- Tilsette overheld teieplikta

FORVENTNINGAR TIL FØRESETTE

Teikn på god praksis:

- Føresette bidrar til eit positivt miljø ved å vera bevisste på korleis ein omtalar SFO.
- Føresette har positive haldningar til dei andre barna på SFO.
- Føresette gir beskjed om forhold som kan ha betydning for barnet sin trivsel. Personalet vil då betre kunne følge opp og gi barnet ekstra omsorg.
- Føresette gir tilbakemeldingar, slik at at kvaliteten på SFO-tilbodet kan bli endå betre.
- Føresette gir melding om frávær, sjukdom, endringar i hentesid o.l
- Føresette følgjer med på informasjon frå SFO i ranselpost og på skulen si heimesida/ informasjonskanal og gir svar innan fristane som er sett.
- Føresette gir beskjed innan oppsette fristar for kva for behov ein har i skulen sine ferie/ fridagar, slik at SFO- leiar kan planleggja ein god bruk av personalet
- Føresette set av og til av tid til ein liten samtale når barnet blir henta.



Leiting i SFO

SFO-leiar har det daglege ansvaret og er, saman med rektor, ansvarleg for å gi sikre eit tilbod prega av kvalitet og god samhandling med dei tilsette og føresette.

Teikn på god praksis:

- SFO-leiar sørger for at kvalitetsplanen er godt kjent blant dei tilsette, og at det blir jobba i tråd med dei måla som er sett.
- SFO-leiar har ansvar for å legge til rette for eit variert aktivitetstilbud.
- SFO-leiar er opptatt av kvalitet og forbetningsarbeid.
- SFO-leiar legg til rette for samhandling på arbeidsplassen.
- SFO-leiar følger opp alle tilsette og gir tilbakemelding på utført arbeid.
- SFO-leiar gir god informasjon om tilbodet til dei føresette.
- SFO-leiar er tilgjengeleg for føresette som har behov for kontakt.



Innhald i SFO

Fokusområda i kvalitetsplanen

Kvalitetsplanen sett fokus på nokre sentrale områder som skal prege SFO-tilbodet i Klepp kommune. Desse er:

1. Medborgarkompetanse og sosialt medansvar
2. Leik som utviklingsarena
3. Helse, miljø og fysisk aktivitet
4. Kunst, kultur og kreativitet

Alle skulefritidsordningane er plikta til å arbeide ut frå desse fokusområda. Kvar SFO skal utarbeide sin eigen lokale plan med utgangspunkt i den kommunale planen.

1. MEDBORGARKOMPETANSE OG SOSIALT MEDANSVAR

Mål: Barna skal lærast opp til å delta aktivt i samhandling med andre. Barna skal læra å forstå og respektera andre, andre sine meninger og medverke til eit godt fellesskap.

Medborgarkompetanse og sosialt medansvar gjeld både kunnskap, haldningar og handlingar. På SFO skal vi tenke «vi og oss» istadenfor «eg, meg og mitt». Dei tilsette skal læra barna å vera noko for andre, gjera noko for andre og bety noko for andre. Vidare skal dei tilsette gi barna moglegheit for medbestemming for innhaldet i SFO-tida.

Barnet skal få moglegheit til å bearbeide opplevingar og kjensler for dermed å auka sin sosiale kompetanse. Ved å bruke språket i samtalar med andre barn og vaksne, er SFO ein god arena for språkutvikling.

Teikn på god praksis

- Dei tilsette skaper tryggleik og trivsel og arbeider aktivt for å førebygga mobbing.
- Dei tilsette rettleiar og helper barn til å samhandla med andre på ein positiv måte.
- Dei tilsette motiverer og inspirerer barn til å følgje reglar og rutinar for god samhandling.
- Dei tilsette legger til rette for leik som inkluderer alle.
- Dei tilsette sørger for å leggja til rette for «Den gode samtalen».
- Dei tilsette gir barna moglegheit for medbestemming, slik at dei opplever å bli høyrte og at deira meningar blir tillagt betydning

2. LEIK SOM UTVIKLINGSARENA

Mål: Barna i SFO skal stimulerast til sosial samhandling gjennom ulike aktivitetar og leikeformer.

Leik er ein viktig faktor i elevane si utvikling og læring.

- Gjennom leiken utvikler barna seg sosialt, motorisk og mentalt.
- Barna hentar innhaldet til leiken frå det verkelege livet, og leiken er ei førebuiing til vaksenlivet.
- Leiken er eit middel til å utvikla erkjenning og kunnskap.
- Gjennom leiken bearbeider barna problem og inntrykk som han/ho møter i kvardagen.

I SFO blir det lagt til rette både for fri leik og organisert leik. Så langt som mogleg skal leiken tilretteleggast på barna sine egne premisser. Dette betyr at barna skal få tid og rom for fri leik, der dei kan leike uforstyrra under tilsyn. Samtidig vil dei tilsette, i den grad det er nødvendig, organisere leikeaktivitetar der dei vaksne deltar aktivt med styring og reglar for leiken. Mange barn treng styring, reglar og vaksenretteleing for å kunne leike.

Teikn på god praksis:

- Dei tilsette motiverer, inspirerer og rettleiar barna slik at alle deltar i leiken.
- Dei tilsette har nødvendig kompetanse til å organisera gamle og nye leker/leikeformer.
- Dei tilsette legg til rette for variert fri leik og organisert leik, både ute og inne
- Føresette opplever at barnet trivst i SFO.

3. HELSE, MILJØ OG FYSISK AKTIVITET

Mål: Barnet skal oppleve glede og meistring i fysiske aktivitetar og friluftsliv i nærmiljøet

Barna si helse kan sjåast på som ein heilskap av fysisk og psykisk velvere. Fysisk aktivitet og sunn, næringsrik mat er kjeldar til god helse og trivsel. Barna i SFO skal få høve til å bruke kroppen i ulike aktivitetar dagleg, både inne og ute. Aktivitetane skal vere varierte og allsidige, slik at både friluftsliv, idrett og rolege aktivitetar blir representert. Rammene rundt aktivitetene skal vere trygge og støttande, slik at dei gir grobunn for meistringsfølelse og positive opplevingar.

Mat som blir laga i SFO bør skje i samsvar med helsedirektoratet sine anbefalingar. Måltida skal fremma matglede, sosialt samver, trivsel og helse.

Teikn på god praksis:

- Dei tilsette utnyttar dei arena innan idrett og friluftsliv som ein finn i nærmiljøet
- SFO drar jevnleg på turar i nærmiljøet
- Dei tilsette motiverer og inspirerer barna til å delta i SFO sine aktivitetar.
- Dei tilsette sørger for at barna bidrar i matlaginga.
- Dei tilsette legg til rette for at måltidet er eit positivt samlingspunkt i kvardagen.
- Føresette opplever at SFO tilbyr eit variert aktivitetstilbod

4. KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

Mål: Barna skal oppleve glede og meistring ved å delta i ulike kunst og kulturaktivitetar

Kunst og kultur stimulerer til bruk av fantasi og kreativitet og skaper rom for fellesskap og estetiske opplevingar. Kultur er viktig for å utvikle identitet, forstå seg sjølv og andre i et historisk og kulturelt mangfald.

Kulturaktivitetar skal gi «Det skapande barnet» moglegheit til å reflektera, bruke sansane, undra seg og skapa nysgjerrigheit. Det å kunne nytta seg av nærmiljøet og bli kjent med tradisjonar og lokal kultur, gir rom for å skapa noko felles og utvikla eit godt miljø for barna.

Kulturaktivitetar kan vera biletkunst, kunsthåndverk, musikk, dans, drama, litteratur, film, foto, arkitektur og design. Det kan også vera forskjellig barnekultur, med songleikar, rim, regler, eventyr, tradisjonsleikar osb.

Teikn på god praksis:

- Dei tilsette presenterer ulike kunst og kulturuttrykk for barna.
- Dei tilsette legg til rette for varierte kunst- og kulturaktivitetar .
- Dei tilsette sørger for at barna får moglegheit til å uttrykka seg gjennom dans, drama og musikk.
- Dei tilsette sørger for at barna blir kjent med ulike kulturar.
- SFO arrangerer «Internasjonal veke» kvart år.

VERKTØY FOR MÅLOPPNÅING

- SFO si eigenvurdering ut frå dei vedtatte utviklingsområda
- Foreldreundersøkinga på www.bedrekommune.no (annakvart år)



”Den nye kvalitetsplanen er ambisiøs. Dette er gjort med hensikt for å synleggjera at SFO ikkje er ein oppbevaringsplass for ungane, men skal tilføra noko til barna si utvikling og meistring.”

*Trond Roy Pedersen
Kommunalsjef*



KLEPP KOMMUNE

Utgitt av Etat for skule og barnehage
Rådhuset
Postboks 25
4358 Kleppe

TLF.: 51 42 98 00
e-post: postmottak@klepp.kommune.no